

Haren / The first written word was a drawing of an animal

Haugesund Kunstforening

Eg vil ikkje gå kvar vår veg, sa Haren. Det var stille lenge, så sa eg at slik er det berre. Her stoppar vegen. Så spør Haren kva me liksom har kome fram til, for om vegen stoppar, må jo det bety at me har kome fram? Eg blir sitjande lenge og demontere ein pinne. Så seier eg at konklusjonane framleis ligg skjult i dei siste teikningane, eller i ein tilfeldig busk langs ein sti ingen har gått.

Men eg kan fortelje om det me har gjort så langt saman. Me får starte med den delen som kan kategoriserast som ei slags bevisst start:

I byrjinga var alle strekane, seier eg. Som mentale lause trådar, eller revestrekar mellom trestammane. Haren ser på meg som om eg var komplett idiot. Kanskje har han rett. Uansett; den bevisste delen av dette prosjektet eller kva ein skal kalle det, starta med at eg oppdaga at eg var den einaste som tekte at harar og kaninar var metaforar for fridom. Ikkje det eg definerar som faktisk fridom, men ei slags fridom som ikkje finst; ei fridom lausrevet frå ansvar, og konsekvens. Fuglane har heller ikkje ei slik fridom. Dei må ete makk. Dei har ikkje noko val. Det ein derimot kan bestemme, er korleis ein relaterar seg til det å ete makk. Det same gjeld andre folk; ordentleg fridom, slik eg ser det, er; ein kan ikkje bestemme kva ein møter i livet, men ein bestemmer sjølv korleis ein relaterar seg til det som kjem, og kva ein gjer med det ein har. Mange vil ikkje vere fri, for det er for mykje ansvar. Å vere fri, betyr nemleg at ein ikkje kan skulde på andre, leggje ansvaret på fortida, eller andre faktorar utanfor seg sjølv. Redsle for fridom kan ta mange former. Blant anna kan det føre til at ein inntek ei offerrolle, kor ein blir avhengig av sympati og merksemd. Personar som viser sympati for slike, er med på å halde vedkomande nede. Både fordi sympatiavhengigheit blir eit hinder for å betre livet, og fordi sympatien bekreftar offerrolla. Dette er eit interessant menneskefenomen, som eg sikkert kunne ha snakka om ganske lenge. Og, det er berre ein av grunnane til at somme ikkje vil ha fridom. Kanskje er det vanskeleg å forstå for ein hare, at menneske kan innta slike haldningar til det eine livet ein har. No kjenner du litt av tanken som ligg bak denne forma for kontradiktiv og umogeleg fridom, som eg tenkte harar og kaninar er metaforar for; Ei slags tilstand kor ein slepp å vere ansvarleg for si eiga måte å relatere seg til det livet fører med seg.

Uansett; eg bestemte meg for å lage ei utstilling kor eg opna opp harar og kaninar, som ei slagte språkleg viviseksjon, for å sjå kva andre ser dei som metaforar for. Eg ville òg sjå på harar og kaninar sine ulike rollar i sagn, folketro og myter. Det var omtrent der du dukka opp, Haren, og du var sint og spurte meg kva i helvete eg er metafor for. Eg er usikker på kvifor, men det var då eg lova at du skulle få vere med. Du skulle få vere der med ditt eige fotoprojekt.

(Haren har ein fetish for fotografi som inneheld «feil» i form av tilfeldige komposisjonar og uskarp fokusering. Eg stiller spørsmål ved det autentiske i det å konstruere «feil» for å framstå som meir ekte. Det ser berre ut som om han ikkje veit kva han driv på med. Eg har òg prøvd å forklare at ordentleg fotokunst ikkje skal trykkjast på lerret. Haren svarar med å kritisere min måte å bruke dyr som metaforar, og det var vel her hans kamp starta.

Kampen for individverdien til dyr som ikkje har menneskelege trekk.

Ein dag sa han til meg at haren i skogen ikkje er repetisjonar av han tullingen som står og poserar på fotografiet i artsbeskrivinga i dyreboka. Så sa han, at han skulle lage ei bok med ein slik forenkla forklaring av menneskearten. Fordi mennesket forstår ikkje verda gjennom språket, men gjer verda forståeleg gjennom ord. Og difor veit ikkje mennesket anna enn det tullet dei sjølv har funnet på basert på sin eigen rare logikk. No sit han i hola

si og spikrar demonstrasjons-plakatar. Han har òg satt fyr på sopp i skogen, og eg trur det handlar om at han har personlege problem med «Alice i Eventyrland». Eller kanskje det er eit slags rituale. Eg veit ikkje.)

Den første utstillinga me laga saman, blei vist i Bærum Kunsthall. Tittelen på utstillinga kom frå ein av demonstrasjonsplakatane du laga: WORDS ARE ANIMAL TRAPS! Sommaren etter viste me den same utstillinga i Visningsrommet USF.

Medan du jobba med foto, og eg med alle innfallsvinklane til harar og kaninar, blei eg oppteken av reddharen i relasjon til mennesket si redsle for det ukjende. Eg lurte på om det kunne vere ei samanheng mellom «det ukjende» og det som ikkje får plass i ord. Undervegs konkluderte eg med at det som skil menneske frå harar, er at mennesket si frykt er irrasjonell, medan harar si frykt er rasjonelt begrunna. Menneske er ofte redd ting som ikkje utgjør ei faktisk trussel eller fare, medan harar er redd ting som kan utgjere skillnad mellom liv og død. Utstillinga om reddharar og haren som bindeledd mellom oss og underverda, blei vist i Møre og Romsdal Kunstsenter. Eg er usikker enno på om det eksisterar ei logisk samanheng mellom desse aspekta av harar, anna enn det H.P. Lovecraft skriv; «The oldest and strongest emotion of mankind, is fear, and the oldest and strongest kind of fear is fear of the unknown.»

Dei første utstillingane har òg på ulike vis handla om utfordringar i avstanden mellom språk, forståing, og det å forenkle noko ved å redusere det til ord.

Ein kveld eg sat og las for deg, Haren, peika du med labben i boka, og spurte kva alle dei svarte prikkane er. Du sa at menneskespråket er fullt av kaninhol. Så forklarte eg at prikkane blir kalla punktum. Dei er nesten det same som ein kallar «sorte hull». Om ein klarar å kome inn i eit av desse, finn ein alt som ligg utanfor språket. Alt ein ikkje kan forklare med ord. Alt som ikkje får plass i ein ordleg, lineær logikk. Eg trur dette var første gong du og eg var helt samde om noko. Kanskje betyr det berre at me eigentleg ikkje forstod kvarandre. Så sa eg at det er litt dumt at harar ikkje lagar kaninhol. Til utstillinga i Galleri Christinegaard jobba me med det som ikkje får plass i ord. Av ein eller anna grunn, er det teikningane frå denne utstillinga som inneheld mest tekst.

Her i Haugesund Kunstforening kjem ei slags konklusjon på det heile. Ei konklusjon treng ikkje vere formulert i ord. Og ei konklusjon som ikkje inneheld element av noko motstridande, har ingen verdi. Så sa eg ikkje meir på veldig lang tid. Haren tygde på gras, og smatta. Han gløymde (som vanleg,) å lukke munnen.